



Innkalling til årsmøte

- Møte:** Årsmøte NMCU Sogn og Fjordane
- Møtedato:** 16. januar 2025 kl. 19:00
- Møtestad:** Teams (innkallinga kjem på e-post 9. januar 2025)
-

Til medlemmar i NMCU Sogn og Fjordane

NMCU legg no bak seg eit innhaldsrikt og spennande år der vår organisasjon har vore særstynleg i trafikksikkerheitsarbeidet. Vi ser at vårt dedikerte arbeid held seg oppe, og at våre argument i møte med regionale og nasjonale myndigheiter får stadig meir anerkjenning i norske forskingsmiljø.

Her hjå oss i NMCU Sogn og Fjordane har vi det siste året fått på plass eit styre på fem personar. Det betyr at vi har eit fullverdig styre. Vidare seier [vedtektene](#) angående val:

- ✓ leiar skal veljast for to år, med val i oddetalsår
- ✓ nestleiar veljast for to år, med val i partalsår
- ✓ kasserer veljast for to år, med val i partalsår
- ✓ styremedlemar veljast for 2 år og fordelast på oddetalls-/partalsår

Det er også ønskjeleg at årsmøtet vel:

- ✓ to varamedlemar for eitt år
- ✓ to medlemmer som valkomite for eitt år
- ✓ revisor for eitt år

Dette betyr at på årsmøtet den 16. januar er leiar og minst eitt av styremedlemane på val. Alle i sitjande i styre er innstilte på å ta attval.

| | | |
|-------------|-------------------|---------------|
| Styreleiar | Arvid Stenehjem | på val i 2025 |
| Nestleiar | Knut Bøthun | på val i 2026 |
| Kasserar | Vidar Andre Heier | på val i 2026 |
| Styremedlem | Jeroen Mosmann | på val i 2026 |
| Styremedlem | Geir Lyngås | på val i 2025 |



Innkalling til årsmøte

Vi kallar med dette inn til årsmøte i NMCU Sogn og Fjordane.

Årsmøtet vert gjennomført elektronisk på plattformen [TEAMS](#) den 16. januar klokka 19.00.

Har du saker som du ønskjer skal setjast på dagsorden i årsmøtet må dette sendast til kretsstyret ved Arvid Stenehjelm (arvidstenehjelm737@gmail.com) seinast innan to veker før årsmøtet. **Det betyr at fristen er 2. januar 2025.**

Styret i NMCU Sogn og Fjordane ønskjer deg ei fin juletid, eit godt nytt år, og vi håper å sjå deg på årsmøtet via TEAMS.

Dagsorden – på kretsårs møte skal følgjande saker handsamast:

- A. Opning
- B. Konstituering
- C. Styret si årsoppgåve
- D. Rekneskap/Økonomioversikt
- E. Innkomne saker
- F. Planar for aktivitet i 2025 med budsjettframlegg
- G. Val

Endeleg dagsorden og sakspapir vert sendt til medlemmane ei veke før årsmøtet – seinast den 9. januar 2025

Helsing frå styret
I NMCU Sogn og Fjordane

